

# **Temaplan friluftsliv Bortelid-Ljosland**

## **2020-2030**



Vedlegg til kommunedelplan for Bortelid og kommunedelplan for Ljosland, vedteke i kommunestyret 26.03.2020

# Innheld

<b>1 Innleiing .....</b>	<b>4</b>
<b>2 Omsyn i temaplanen .....</b>	<b>4</b>
<b>2.1 Universell utforming.....</b>	<b>4</b>
<b>2.2 Omsyn til born og unge.....</b>	<b>4</b>
<b>2.3 Tryggleik.....</b>	<b>4</b>
<b>2.4 Næringsliv og reiseliv .....</b>	<b>4</b>
<b>2.5 Konsekvensutgreiing .....</b>	<b>5</b>
<b>3 Løypetypar, viktig infrastruktur og vedlikehald .....</b>	<b>5</b>
<b>3.1 Sti og løypetypar.....</b>	<b>5</b>
<b>3.2. Skiløyper .....</b>	<b>5</b>
<b>3.2.1 Løyper preparert med tråkkemaskin (Kategori A).....</b>	<b>5</b>
<b>3.2.2 Løyper preparert med tråkkemaskin heile/delar av sesongen (Kategori B) .....</b>	<b>5</b>
<b>3.2.3 Andre løyper (Kategori C-D) .....</b>	<b>6</b>
<b>3.2.4 Løyper til spesielle arrangement vinter.....</b>	<b>6</b>
<b>3.3 Turløyper barmark .....</b>	<b>6</b>
<b>3.3.1 Turveg (Kategori E) .....</b>	<b>6</b>
<b>3.3.2 Tursti (Kategori F- H) .....</b>	<b>6</b>
<b>3.4 Aktivitetsområder og turmål (A1-A11) .....</b>	<b>7</b>
<b>3.5 Sykkelløyper og område.....</b>	<b>7</b>
<b>3.6 Riding og køyring med hest.....</b>	<b>7</b>
<b>4 Viktig infrastruktur .....</b>	<b>7</b>
<b>4.1 Trafikksikre løysingar .....</b>	<b>7</b>
<b>4.2 Gode parkeringstilhøve .....</b>	<b>8</b>
<b>4.3 Skilting, merking og informasjon .....</b>	<b>8</b>
<b>4.4 Vedlikehald .....</b>	<b>8</b>
<b>5 Adaptiv løypekøyring .....</b>	<b>8</b>



<b>6 Rekkefølgjekrav .....</b>	<b>8</b>
<b>7 Retningslinjer for opparbeiding .....</b>	<b>9</b>
<b>    7.1 Søknad om ny løype.....</b>	<b>9</b>
<b>    7.2 Kulturminner og kulturmiljø.....</b>	<b>9</b>
<b>    7.3 Søknad om oppkøyring av skiløype .....</b>	<b>9</b>
<b>    7.4 Landskapstilpassing .....</b>	<b>9</b>
<b>    7.5 Omsyn til villrein.....</b>	<b>9</b>
<b>    7.6 Omsyn til beitedyr .....</b>	<b>9</b>
<b>    7.7 Skilting og merking .....</b>	<b>10</b>
<b>    7.8 Universell utforming.....</b>	<b>10</b>
<b>    7.9 Grunneigarforhold .....</b>	<b>10</b>



# 1 Innleiing

Sterk vekst i utbygging av fritidseiningar aukar presset på løypenettet. Eit velutvikla løypenett gir gode naturopplevingar og er helsefremmande for fastbuande og tilreisande. Som kommune i villreinområdet skal vi arbeide for å oppretthalde og å utvikle eit attraktivt løypenett, men som balanserast mot miljøomsyn og leveområda for villreinen.

Eit godt utbygd løypenett vil hindre mykje ferdsel utanfor løyper og inn i sårbarer område. Ved å planleggja nye løyper kan trafikken styrast vekk frå område for villreinen. Gode løysingar for drift og rydding av løypenett skal bidra til fornuftig bruk og mindre forsøpling.

## 2 Omsyn i temaplanen

### 2.1 Universell utforming

Universell utforming er tilpassing av omgjevnadane slik at dei kan brukas av alle menneske. I friluftsområde kan det bety lettare tilgjengelegheit for blant anna rullestol og barnevogn. Det er i hovudsak gang- og sykkelvegar og løyper i nærområda som kan nyttas av menneske med nedsett funksjonsevne. Ein bør i så stor grad som mogleg legge til rette for flest mogleg der ein kan få dette til.

### 2.2 Omsyn til born og unge

Statistiske undersøkingar syner at born i stor grad deltek i friluftsaktivitetar. Mange er med på fotturar, badar utandørs eller er med på skitur, fisketur og sykkeltur. Fysisk aktivitet gir store helsefordelar gjennom heile livsløpet, og er sjølvsagt viktig også for born og unge. Fysisk aktivitet legg grunnlag for vekst og positiv utvikling hos born og unge, og tilrettelegging for friluftslivsaktivitet i nærområda rundt fritidsbustad er bra i så måte.

### 2.3 Tryggleik

Fokus på trafikktrygge løysingar i samband med tilrettelegging av nye løyper er viktig, då særskild i samband med kryssingar og tilgjenge til løypenett. Ei vidareføring av gang-/sykkelsti nord- og sørover langsetter fylkesveg frå sentrum av Bortelid er døme på tiltak som fremjar tryggleik for mjuke trafikantar. Samstundes er dette tiltak som legg til rette for auka fysisk aktivitet. Dei preparerte skiløypene bør så langt som råd er ha veglause kryssingar. Dersom dette er ikkje er hensiktsmessig bør ein sjå på andre trafikksikringstiltak, til dømes fartsreduserande tiltak, brøyting som ikkje blokkerar for sikt og så bortetter. Ein bør unngå å køyre skiløyper over vassdrag.

### 2.4 Næringsliv og reiseliv

Åseral er ein kommune som satsar på reiseliv og som ønsker å ha stort fokus på mellom anna godt vertskap, tradisjonar, kultur og friluftsliv. Kommunen er eit «berekräftig reisemål», noko som inneber at me har som mål å bli meir enn ein vinterdestinasjon. Åseral kommune ønsker å tilretteleggje for at me utviklar oss til å bli ein attraktiv heilårsdestinasjon. Miljø, ressurseffektivitet, ivaretaking av natur og kultur er andre eksempel på fokusområde i arbeidet med å vere eit berekräftig reisemål. Bortelid Fjellpark har dei seinaste åra satsa stort på utvikling av Bortelid som nettopp ein heilårsdestinasjon. Døme på slike tiltak er opparbeiding av mange kilometer med nye sykelløyper og etablering av ei ny badestrand sentralt på Bortelid. Det vert i tillegg satsa på god informasjon til hyttefolk og turistar.



## 2.5 Konsekvensutgreiing

Alle løyper er konsekvensutgreia etter plan- og bygningslova før ein bestemte seg for å lage temaplan som vedlegg til kommunedelplanane. Alle løyper er difor vurdert ut frå følgjande tema:

- Biologisk mangfald - omsyn trua og sårbare plante- og dyreartar
- Villrein
- Landskapsbilete – plassering og utforming av traséar der det er trøng for terrenginngrep
- Naturfare
- Kulturminne og kulturmiljø

# 3 Løypetypar, viktig infrastruktur og vedlikehald

## 3.1 Sti og løypetypar

Fysiske tiltak ved tilrettelegging av turstiar som skilting/merking, fjerning av vegetasjon og steinar, bygging av kloppar og gjerdekklyv krev tillating frå grunneigar og skal samordnast med kommunen. I verneområda krev nye stiar og merking av eksisterande tillating frå vernemyndighetene.

For at ein skal kunne søkje midlar til ulike typar friluftsanlegg, må avtalane som gjerast med grunneigarane støtte dei krava som gjeld for ordninga. Avtaletidsrom varierer med type anlegg/tiltak, men det er vanleg med avtalar som gjeld 10-30 år.

Det er ønskeleg å etablere eit variert sti- og løpenett for mange typar aktivitet, slik at ein utviklar Ljosland og Borteid som heilårsdestinasjon. Vidare er det ei målsetting å ha løyper og turvegar med høg grad av tilrettelegging i sentrumsområda og i hyttefelta sine nærområde. Høg grad av tilrettelegging vil seie t.d. skiløype kategori A-B og turvegar med fast dekke. I tillegg er det ønskeleg å etablere aktivetsområde i slike område. Skal det etablerast tiltak meir perifert og innover i fjellet vil ein primært gjøre dette med stiar og skiløyper som har liten grad av opparbeiding og tilrettelegging, til dømes skiløyper kategori C-D og turstiar. Det er ikkje ønskeleg med etablering av aktivetsområder som krev mykje opparbeiding i slike område. Her vil ein prioritere å etablere turmål som t.d. gapahuk, postkasse med turbok og markering av kulturminner.

## 3.2. Skiløyper

### 3.2.1 Løyper preparert med tråkkemaskin (Kategori A)

Gjeld eksisterande løyper nr. E1, E2, E3a, E3b, E5, E7, E8, E9, E11, E13, E15, E16, E21, E22, E27, E28 og nye løyper nr. 2, 19, 20, 21, 22.

Dette er traséar for trening og turaktivitet på ski som blir køyrd opp gjennom heile vintersesongen. Trasé er opparbeid og tilrettelagd slik at ein kan starte oppkjøring tidleg med lite snø. Desse har et jamt toppdekke, og skal i hovudsak tilretteleggast med planfrie kryssingar. Toppdekke skal vere av vegetasjon frå staden eller oppkutta treflis eller bork. Synlege skjeringar/fyllingar skal revegeterast med vegetasjon frå staden.

Ryddebredde 6-8 m. Bruksbredde min. 5m.

### 3.2.2 Løyper preparert med tråkkemaskin heile/delar av sesongen (Kategori B)

Gjeld eksisterande løype nr. E4, E6, E10, E12, E14, E25, E29, E31, E32 og nye løyper nr. 3, 5, 6, 7, 9, 11, 14, 17.



Dette er traséar for trening og turaktivitet på ski som blir köyrd opp gjennom heile vintersesongen. Trasé er stort sett utan tilrettelegging. I nokre traséar er det gjort moderate inngrep, t.d. fjerning av stein eller utjamning av terren. Toppdekke skal vere av vegetasjon frå staden eller oppkutta treflis eller bork. Synlege skjeringar/fyllingar skal revegeterast med vegetasjon frå staden.

Ryddebredde 6-8 m. Bruksbredde min. 5 m.

### **3.2.3 Andre løyper (Kategori C-D)**

Dette kan vere traséar som blir preparert med skuter deler av sesongen, til dømes løyper som blir oppkjørt i ein tidsavgrensa periode (jol, vinterferie, påske) eller løyper som blir kvista/merka delar av vintersesongen. Sistnemnde er løyper utan krav til oppkjøring/sporlegging.

- **Kategori C**

Enkle skiløyper kan opparbeidast med ei bruksbreidde på inntil 1-1,5 meter, ryddebredde 2 meter.

- **Kategori D**

Gjeld eksisterande løype nr. E19, E24, E30.

Gjeld DNT sitt løopenett. Utan tilrettelegging. DNT`s løype mellom Bortelid og Gaukhei, Ljosland og Gaukehei og Josepsbu kan fyrst stikkast frå helga før påske.

### **3.2.4 Løyper til spesielle arrangement vinter**

Gjeld løype nr. E35

Påsketreff i Pytten – kvar påske på langfredag vert det kjørt opp skiløype med tråkkemaskin frå Bortelid til Pytten.

## **3.3 Turløyper barmark**

### **3.3.1 Turveg (Kategori E)**

Gjeld eksisterande løype nr. E3b, E6, E9, E21, E22, E26, E27.

Trasé for trening og turaktivitet til fots eller sykkel med asfalt- eller grusdekke (fast/jamt toppdekke) og så langt som mogleg stor grad av tilrettelegging for rørslehemma.

Bruksbreidde på inntil 2,5-3 meter. Ryddebredde 4-5 meter.

### **3.3.2 Tursti (Kategori F- H)**

Turstiar er traséar primært for ferdsel til fots, og kan ha ulik grad av tilrettelegging. I denne planen brukar vi følgjande tre kategoriar: F-H

- **Kategori F**

Gjeld eksisterande løyper nr. E3a, E4, E7, E10, E13, E15, E16, E28 og nye løyper nr. 17, 18.

Trasé med flis og/eller grusdekke. Trasé er opparbeida og tilrettelagd i ganske stor grad. Ryddebredde min.2 m, bruksbredde min. 1,5m.

- **Kategori G**



Gjeld eksisterande løyper nr. E8, E11, E18 og nye løyper nr. 1, 4, 8, 12, 15, 16, 24, 26.

Sti med enkel tilrettelegging. Rydda og merka, men i liten grad tilrettelagt/opparbeidd. Ryddebredde 1-2 m, bruksbredde 0,5 - 1,5 m.

- **Kategori H**

Gjeld eksisterande løyper nr. E20, E23, E36.

Sti utan tilrettelegging.

### **3.4 Aktivitetsområder og turmål (A1-A11)**

Aktivitetsområde kan vera så ulikt. I denne planen definerast enkle tilretteleggingstiltak som turmål. Døme på slike enkle tiltak er til dømes ein gapahuk, postkasse med turbok eller merking av kulturminne eller utsiktspunkt, som samstundes fungerer som mål for ein dagstur. Eit aktivitetsområde definerast her som område der ein kan tillate stor grad av tilrettelegging og gjerne med fleire tilretteleggingstiltak på same staden, til dømes permanent bålpass, gapahuk, toalett og andre mindre aktivitetsanlegg, tur- og sykkelløyper. Dette gjeld aktivitetsområde til bruk både sommar og vinter.

Permanent bålpass skal godkjennast av brannsjef.

Permanente byggverk som er opne for ålmenta er søknadspliktig.

### **3.5 Sykkelløyper og område**

Gjeld løype nr. 22 og område A7 og A11.

Avgrensa områder og løyper der sykkelaktivitet er prioritert aktivitet, t.d. flåfjellsykling og singeltrack.

Sykkeltrasear skal i all hovudsak gå langs eksisterande vegar og på vegar bygd i samband med kraftutbygginga, eller på vegar som er egna til føremålet.

Trasear kan opparbeidast med ei bruksbreidde på inntil 1,5 meter.

Innanfor bruksbredda kan krattknusing og fjerning av stubbar og steinar tillatast.

Klopper og bruer kan byggast. I områder der elvar og bekkar er beitegrenser for husdyr må bruer byggast med stengsel som hindrar husdyr i å passere.

### **3.6 Riding og køyring med hest**

Friluftslova heimlar riding etter stiar og vegar i utmark, medan det er lov å ri på fjellet.

Køyring med hest skal gå føre etter offentlege vegar eller der grunneigar gjev lov til dette.

Planen omfattar ikkje tilrettelegging og informasjon knytt til bruk av hest.

## **4 Viktig infrastruktur**

### **4.1 Trafikksikre løysingar**

Det er viktig å legge til rette for trafikksikre løysingar i samband med løypene, både med tanke på kryssingar og tilgjenge til løpenettet.



## 4.2 Gode parkeringstilhøve

Ein må sikre tilfredstillande parkeringsmogleheter ved naturlege utgangspunkt. Ein kan i stor grad nytte eksisterande parkeringsplassar både sommar og vinter. Det er likevel slik at nokre område manglar tilfredstillande parkering.

## 4.3 Skilting, merking og informasjon

Skilting og god merking er viktig for at ein kan ferdast trygt i fjellet. I tillegg gir det god informasjon om moglege turar du kan ta i eit område, sommar som vinter. Det er ynskeleg at skilting og informasjon er oppdatert slik at kart og terrenget stemmer med kvarandre. Merking bør vere i tråd med tilrådingar i merkehandboka.

I planområdet skal det etablerast innfallsportar til verneområdet i SVR på Bortelid og Ljosland. Her vil det bli sett opp informasjon om SVR, verneverdiar og kva omsyn ein bør ta dersom ein er heldig å sjå villrein.

## 4.4 Vedlikehald

Naturen skal forvaltast med respekt, og gode løysingar for drift og rydding av løopenett bidreg til fornuftig bruk og mindre forsøpling. Regelmessig ryddingsarbeid og vedlikehald av merking/skilting vil og vere ei viktig oppgåve. Dette krev systematisk oppfølging og at ansvar for oppgåvene er avklart.

# 5 Adaptiv løypekøyring

Adaptiv løypeforvaltning er eit prosjekt gjennomført i Bykle kommune, og som no er eit samarbeid mellom SVR, kommunar, Fylkesmannen og fylkeskommunen. Dette er noko vi har vurdert å nytta i einskilde områder også i Åseral kommune. Ein har etterkvart kome til at dette er ei ordning som er vanskeleg å bruke på ein god måte i praksis, og vil difor ikkje nytte dette som metode for tilrettelegging av nye tiltak.

# 6 Rekkefølgjekrav

Rekkefølgjekrav er eit virkemiddel for å sikre gjennomføring av planar, og eit sentralt virkemiddel for å få opparbeida og realisert fellestiltak i områda.

I arbeidet er det difor lagt stor vekt på at turløyper som ligg inne i planen er avklara med grunneigar. I tillegg har kommunen i større grad prioritert aktivitetsområde knytt til nærområda til Bortelid og Ljosland.

Det er tenkt at gjennomføring av rekkefølgjekrava skal utførast av grunneigarlag, grunneigar eller utbyggar avhengig av kva som er aktuelt i utbyggingsområdet.

Kommunen utarbeider planen med rekkefølgjekrav og fungerer som bank, der midlar frå utbyggingsavtalane kjem inn. Det vert oppretta eit fond for kvart av områda Ljosland og Bortelid. Kommunen inngår avtale om gjennomføring basert på tiltaka i planen.

Ein slik måte å organisere gjennomføring av rekkefølgjekrava, sikrar ein mykje større fleksibilitet både i forhold til økonomi og tidspunkt for gjennomføring.

Det blir viktig å prioritere revisjon av kommunedelplan for Bortelid og Ljosland med jamne mellomrom slik at ein har oppdaterte rekkefølgjekrav til ei kvar tid.



# 7 Retningslinjer for opparbeiding

## 7.1 Søknad om ny løype

Søknad om etablering/oppgradering av løyper skal handsamast av kommunen.

For løyper i kategori A, B, E og F skal det saman med søknad leverast teikningar som viser plassering i terrenget, skjæring og fylling, samt plan for revegetering.

På snaujellet og i andre sårbarer områder er alle tiltak søknadspliktige, dette gjeld og dersom vedlikehald eller oppgradering av løyper medfører terrenginngrep.

For løypetrasear som ligg innanfor verneområdet (SVR) kan det ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller innverke på landskapet sin art eller karakter. Søknad om løyve skal godkjennast av sekretariatet for SVR og/eller verneområdestyret.

Etablering av bru er søknadspliktig.

## 7.2 Kulturminner og kulturmiljø

Der opparbeiding av stiar og løyper krev vesentlig terrenginngrep må tiltaket sendast på høyring til fylkeskommunen for avklaring etter kulturminnelova før eventuell byggeløyve kan gjevast, jmf. kulturminnelovas § 9 om undersøkingsplikt.

Dersom det under arbeid med opparbeiding av stiar og løyper kjem fram automatisk freda kulturminne, må arbeidet stoppast, og ansvarlig mynde varslast, jfr. kulturminneloven § 8, 2. ledd.

## 7.3 Søknad om oppkøying av skiløype

Søknad om dispensasjonar frå sti- og løypeplan for oppkøying (motorisert ferdsel) av skiløype skal handsamast av kommunen.

## 7.4 Landskapstilpassing

Stiar og løyper skal i størst mogleg grad tilpassast terrenget. Ein skal, der det er andre alternativ, forsøke å unngå dyrka mark.

Fylling/ planering skal gjerast ved bruk av masse frå staden. Synlege skjeringar/fyllingar skal revegeterast med vegetasjon frå staden.

Kantsone mot vatn og vassdrag skal i størst mogleg grad bevarast. Nødvendige dreneringstiltak kan utførast.

## 7.5 Omsyn til villrein

Kommunen kan stanse oppkøying av løyper dersom det er fare for konflikt med villrein.

## 7.6 Omsyn til beitedyr

Ved opparbeiding av nye løyper skal det takast omsyn til beitedyr. Der det er naudsynt skal det setjast opp gjerde eller grinder.

I område der elvar og bekkar er beitegrenser for husdyr skal bruer byggast med stengsel som hindrar husdyr i å passere.



## **7.7 Skilting og merking**

Skilting og merking bør i så stor grad som mogleg vere i tråd med føringar i «Merkehåndboka» (2019), nasjonal standard for merking.

Ved etablering av nye løyper skal det utarbeidast ein plan for skilting som skal godkjennast av kommunen. Skilt og anna merking skal utførast samstundes som opparbeiding av løypa.

## **7.8 Universell utforming**

Heilårs turveg skal der det er mogleg vere universelt utforma. Lange stigningar/fall bør ein unngå. Der dette er umogleg, bør stigninga/fallet brytaast med korte, flate parti. Skarpe svingar og svingar ved foten av utforbakkar bør ein unngå, og i svingar bør tverrfall/dosering gjerast større.

## **7.9 Grunneigarforhold**

Der det ikkje ligg føre standard grunneigaravtale må det leggast ved skriftleg godkjenning frå grunneigar før tiltak kan setjast i gong.

